

Omtale søknader – Tilskot til verna kulturminne 2019 – Hordaland fylkeskommune – 24.04.2019

Nr	Kommune	Tiltak – kulturminne (omsøkt)	Samla kostnad NOK	Samla søknadssum NOK	Tildeling NOK	Grunngjeving
1	Askøy	1. Istandsetting av nothenge, Nordre Haugland (kr 382 500)	1 379 875	502 500	100 000	Kulturminneplanen er ikkje vedtatt. Kommunen vil prioritere midlar til tiltak i 2019 og bidreg økonomisk til tiltak 2 med kr 250 000. Kommunen skal prioritere desse kulturminna i kulturminneplanen som er under arbeid og begge er foreslått sikra gjennom omsynssone når kommuneplan vert rullert. Begge tiltaka er i tråd med retningslinene for ordninga. Det er opp til kommunen å korleis midlane vert fordelt. Grunneigar bør søkje andre tilskotsordningar, som t.d. kulturminnefondet.
2		2. Istandsetting steinsatt elveløp Krokåsdalen (kr 120 000)				
3	Austrheim	Istandsetting jordkjellar på Njøta (kr 15 000)	245 000	15 000	15 000	Kulturminneplanen er ikkje vedtatt. Kommunen bidreg økonomisk til prosjekta gjennom SMIL og kulturmidlar. Vilkår for tildeling er at kommunen sikrar vern av kulturmiljø på Njøta i kulturminneplanen og med omsynssone i kommuneplanen, samt at kulturminne vert lagt inn i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.
4	Bergen	Istandsetting og sikring brønns hus Garnes stasjon (kr 350 066)	380 066	350 066	161 000	Kulturminneplanen er ikkje vedtatt. Bergen kommune har prioritert ressursar til å utarbeidde ein kulturminneplan og kulturminnestrategi. Kommunen har eigen tilskotsordning for verneverdige kulturminne. Brønns huset er knytt til eit freda anlegg. Det er ein frivillig organisasjon, Gamle Vossebanens venner, som driv togstasjonen og jernbanen og forvaltar og formidlar dette tekniske kulturminne av nasjonal verdi.
5	Etne	Istandsetting grunnmur butikk, postkontor Skjersvik (kr 60 000)	93 000	60 000	0	Kulturminneplanen er ikkje vedtatt. Kommunen bidrar ikkje økonomisk til prosjektet. Området er ikkje regulert til vern og har ikkje høg regional verdi. Avslag. Vi vil oppmode grunneigar å søkje Kulturminnefondet. Hordaland fylkeskommune tildelte kr 40 000,- i 2017 til istandsetting av ein bakaromn på same eigedom.

Omtale søknader – Tilskot til verna kulturminne 2019 – Hordaland fylkeskommune – 24.04.2019

6	Fitjar	1. Istandsetting grunnmur og tak, eldhus på Hovstad (Hogste) (kr 80 000)	518 285	203 375	200 000	Fitjar kommune har vedtatt kulturminneplan og vert difor prioritert i tildelinga. Alle omsøkte prosjekt er kulturminne som er prioritert i kulturminneplanen. Søknad 1. omhandlar kulturminne klassifisert med svært høg verneverdi (Dahle naust) og dei to andre omhandlar kulturminne som er klassifisert med høg verneverdi.
7		2. Istandsetting tak Dahle naust, Fitjar sentrum (kr 48 735)				
8		3. Istandsetting tak og kledning Hauglands plass naust (kr 75000)				
9	Fjell	Skadedyr - Knarrvikløe i industristaden Knarrvik (kr 85 000)	165 000	85 000	85 000	Kulturminneplanen er ikkje vedtatt. Kulturmiljøet ved industristaden Knarrvik er definert med omsynssone kulturmiljø i kommuneplanen og vurdert til å ha regional verdi. Fjell kommune har eigen tilskotsordning til kulturminne på kr 100 000. Tilskot skal ikkje gå til opparbeiding av veg.
10	Fusa	Istandsetting sjøbu Holmefjord (kr 29 438)	54 438	29 438	29 000	Fusa kommune har vedtatt kulturminneplan og vert difor prioritert i tildelinga. Kulturlandskapet ved Holmefjorden er trekt fram som særleg verneverdig i kulturminneplanen. Sjøbua inngår i eit naustmiljø som er vist med omsynssone i kommuneplanen som vart vedtatt i 2015.
11	Jondal	1. Istandsetting smie, Samlaneset Herand (kr 60 000)	254 756	90 000	75 000	Jondal kommune har vedtatt kulturminneplan og bidreg med tilskot til kulturminne. Dei vert difor prioritert i tildelinga. Samlaneset er omtalt i kulturminneplanen som del av det verdifulle kulturlandskapet på Herand. Alle stølar i Jondal er omtalt i kulturminneplanen. Begge prosjekta vil legg til rette for fotturistar. Vilkår for tildelinga er at desse kulturminna vert regulert med som omsynssone ved rullering av kommuneplanen.
12		2. Istandsetting tak på sel, Stuasete (kr 30 000)				

Omtale søknader – Tilskot til verna kulturminne 2019 – Hordaland fylkeskommune – 24.04.2019

13	Kvam	1. Istandsetting Holmsund båtverkstad i friluftsområde (kr 100 000)	1 068 500	160 000	160 000	Kvam herad har vedtatt kulturminneplan og vert difor prioritert i tildelinga. Begge søknadene gjeld kulturminne som er prioritert i kulturminneplanen. Holmsund båtverkstad er innafor eit sikra friområde. Fleire hus på Nestunet er satt i stand og utgjer eit kulturmiljø som har regional verdi som kulturminne. Tiltak på Nestunet har tidlegare fått støtte frå Kulturminnefondet, Riksantikvaren og Fylkeskommunen. Vilkår for tildeling er at kulturmiljø må leggest inn som omsynssone i kommuneplan og kulturminna vert registrert i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.
14		2. Istandsetting Nes gardsag (1962) - Forprosjekt turbin (kr 60 000)				
15	Meland	Istandsetting tak, Steinløe i Dalstø (kr 50 000)	258 750	50 000	50 000	Kulturminneplan ikkje vedtatt. Meland kommune støtter prosjektet med kr 50 000. Steinløene i Nordhordland er ein regionalt viktig kulturminnekategori. Vilkår for tildelinga er at kommunen må prioritera steinløa i Dalstø i kulturminneplanen som er under arbeid, legge denne inn med omsynssone i kommuneplanen når denne skal rullerast og at kulturminne vert registrert i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.
16	Modalen	1. Istandsetting torvtak Stølsbus Tveradalen (kr 25 000)	75 000	50 000	50 000	Modalen kommune har vedtatt kulturminneplan og vert difor prioritert i tildelinga. Kulturminneplanen bør rullerast med spesifikk omtale av stølsmiljøet ved Tveradalen. Vilkår for tildelinga er at Tveradalen vert lagt inn med omsynssone i kommuneplanen når denne skal rullerast og at kulturminne vert lagt inn i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.
17		2. Istandsetting tak og kledning Rindaløe Tveradalen (kr 25 000)				
18	Radøy	1. Istandsetting lemstove Kartveit (kr 61 500)	503 229	195 129	195 000	Radøy kommune har vedtatt kulturminneplan og bidrar med tilskot til kulturminne. Dei vert difor prioritert i tildelinga. Tre av dei omsøkte kulturminna er prioritert i kulturminneplanen. Søknad 1 omhandlar kulturminne klassifisert med svært høg verneverdi, Søknad 2 og 3 omhandlar kulturminne med høg lokal verneverdi og søknad 4 er eit kulturminne med lokal verdi.
19		2. Istandsetting Nothengje i Taulsvågen (kr 26 000)				
20		3. Istandsetting grindverksløy Nedre Tveiten (kr 91 629)				
21		4. Istandsetting Naust Kvalheim (kr 16 000)				

Omtale søknader – Tilskot til verna kulturminne 2019 – Hordaland fylkeskommune – 24.04.2019

22	Stord	1. Istandsetting Smalhuset på Frugarden (kr 27 000)	263 427	72 000	72 000	Stord kommune har vedtatt kulturminneplan og vert prioritert i tildelinga. Omsøkte kulturminne er prioritert i kulturminneplanen. Frugarden er eit større kulturmiljø som er vist med omsynssone i kommuneplankartet. Dette området er under regulering og omsynssona bør vidareførast i reguleringsplanen kor ein kan gje meir konkrete føringar for vern gjennom føresegner. Torvhuset er prioritert i bygningsvernplanen. Vilkår for tildelinga er at kulturminna vert lagt inn i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.
23		2. Torvhuset Nord Huglo (kr 45 000)				
24	Sund	Istandsetting kvalbua (kr 12 000)	17 000	12 000	12 000	Sund kommune har vedtatt kulturminneplan og vert prioritert i tildelinga. Kulturminne det er søkt tilskot om å vøle er eit viktig element i kulturmiljøet ved Kvalvåg som er prioritert i kulturminneplanen. Kulturmiljøet er vist i kommuneplan med omsynssone og det er lagt inn i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.
25	Sveio	1. Grindbygdøe, Nordre Mølster (kr 23 470)	870 520	431 720	300 000	Sveio kommune har vedtatt kulturminneplan og vert prioritert i tildelinga. Omsøkte kulturminne er prioritert i kulturminneplanen. Søknad 1-4 omhandlar kulturminne klassifisert med svært høg verneverdi. Desse er lagt inn i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden og vist med omsynssone i kommuneplanen. Desse er også fritatt eigedomskatt. Søknad 5 er eit kulturminne med høg lokal verneverdi. Det er opp til kommunen å prioritere tilskotet.
26		2. Vågahuset/Brøndlastova på Tittlesnes (kr 66 000)				
27		3. Våningshus på Oa (kr 131 250)				
28		4. Sjøhus i Buavåg (kr 98 000)				
29		5. Eldhus på Lid (kr 113 000)				

Omtale søknader – Tilskot til verna kulturminne 2019 – Hordaland fylkeskommune – 24.04.2019

30	Tysnes	1. Istandsetting laftestova på Lande (kr 200 000)	995 040	539 349	6 000	Kulturminneplanen er ikkje vedtatt. <i>Søknad 1:</i> Laftestova på Lande er truleg frå tidleg 1600-talet. Fylkeskonservatoren vil i løpet av 2019 sørge for at stova vert dokumentert, tilstandsvurdert og om mogleg datert med dendrokronologi. Dette vil gje grunnlag for å vurdere tiltak i høve til kulturminnelova, om den skal handsamast som automatisk freda og soleis kvalifisere for tilskot frå statsbudsjettet. Vi vil oppmode til at tiltaket må følgjast opp med ny søknad i 2020. <i>Søknad 2:</i> Kommunen har prioritert tiltak til formidling av Gjerstad kraftstasjon. <i>Søknad 3:</i> Kommunen har ikkje prioritert skifting av vindauge på Villa Lande ettersom huset er såpass endra at den har mista sin autentisitet.
31		2. Formidling Gjerstad kraftstasjon (kr 6 000)				
32		3. Skifting av vindauge på Villa Lande (kr 333 349)				
33	Ulvik	1. Istandsetting lemstove på Syse (kr 30 000)	811 250	70 000	30 000	Kulturminneplanen er ikkje vedtatt. Ulvik herad har eiga tilskotsordning for kulturminne. Lemstova på Syse er eit regionalt viktig kulturminne. Våningshus med sveitserstil på Ljono er eit viktig lokalt kulturminne. Det er opp til kommunen å vurdere vidarefordeling av midlane. Vilkår for tildelinga er at kulturminna må leggjast inn med omsynssone i kommuneplanen og leggjast inn den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden. Søknad om vedlikehald av bunad fell utanfor kriterier og vilkår knytt til tilskotsordninga. Den vert difor ikkje prioritert.
34		2. Våningshus sveitserstil på Ljono (kr 30 000)				
35		3. Bunad vedlikehald - sy ny stakkar (kr 10 000)				
36	Vaksdal	1. Laksegilje fellesprosjekt (1-1) (kr 102 187)	2 973 730	2 374 980	300 000	Vaksdal kommune har vedtatt kulturminneplan og vert difor prioritert i tildelinga. Laksegiljene er prioritert i kulturminneplanen og har høg regional verdi. Kommunen har bidrege til fellesprosjektet med laksegiljane med SMIL-midlar. Søknad for over 2 millionar kroner til 9 laksegilje sprenger ramma for tilskotsordninga. Kommunen og grunneigarar bør difor søkje midlar gjennom andre tilskotsordningar som t.d. Kulturminnefondet mm. Grøttavegen er eit prioritert kulturminne i Vaksdal kommune sin kulturminneplan. Istandsetting av Grøttavegen har vore utfordrande. Over 5000 dugnadstimar er brukt på veggen sidan 1990-talet. Eit steinras i 2013 har komplisert arbeidet ytterlegare.
37		2. Vikaberget gnr. 47 bnr 2 (1-6) (kr 142 708)				
38		3. Sandvik gnr. 10 bnr. 1 (1-5) (kr 88 368)				
39		4. Røyrtangen gnr. 42 bnr. 1 Kvamme (1-2) (kr 541 627)				
40		5. Simmenesklubben gnr. 33 bnr. 1 (1-9) (kr 476 233)				

Omtale søknader – Tilskot til verna kulturminne 2019 – Hordaland fylkeskommune – 24.04.2019

41	Vaksdal	6. Skjljanes gnr. 45 bnr 1, 7 og 25 Stamnes (1-7) (kr 180 061)				Kulturminna som motteke regionale tilskot må leggest inn med omsynssone i kommuneplanen og registrerast i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden. Hus og smio på Stanghelle er og eit viktig kulturminne, men vert ikkje prioritert ved denne tildelinga. Vi vil oppmode grunneigar til å søke andre tilskotsordningar, som t.d. Kulturminnefondet. Hordaland fylkeskommune vil øymerke kr 160 000 til Grøttavegen og 140 000 til tiltak innafor Laskegilje-prosjektet.
42		7. Skolmen gnr. 45 bnr. 7, bnr. 25 Stamnes (1-4) (kr 74 720)				
43		8. Sverrestuen gnr 30 bnr 1 Gammersvik (1-3) (kr 388 934)				
44		9. Kjenes gnr. 12 Ytre Boge (1-8) (kr 102 450)				
45		10. Haugen gnr. 49 bnr. 1, 4, 5, 6 , Straume (1-10) (kr 71 492)				
46		11. Istandsetting Grøttavegen (kr 160 000)				
47		12. Istandsetting hus og Smio på Stanghelle (kr 46 200)				
48	Voss	1. Kunstnarheim husmannsplass Bergslitræet gnr. 48 bnr 3 (kr 50 000)	619 250	160 000	160 000	Voss kommune har vedtatt kulturminneplan og har eigen tilskotsordning for kulturminne og vert difor prioritert i tildelinga. Kunstnarheimar er ein prioritert kulturminnetype i Hordaland fylkeskommune sin regionale kulturplan. Alle dei omsøkte kulturminna er prioritert i kulturminneplanen. Vilkår for tildelinga er at kulturminna må leggest inn med omsynssone i kommuneplanen og registrerast i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.
49		2. Kunstnarheim Tinrabakken gnr 196 bnr 7 (kr 50 000)				
50		3. Kunstnarheim Roseriret gnr. 196 bnr 16 (kr 60 000)				
			11 546 116	5 450 557	2 000 000	